

Bringedal held tala for dagen

16.05.2011



Toget på veg opp mot Brekketoppen i fjar. I år går det til Feet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Så er det meste klårt for den store Dagen også her i bygda
og det tradisjonelle opplegget blir etterlevd. Men nokre endringar
blir det og ikkje alle er positive.
Mange vil beklaga at det ikkje vert
korpsmusikk i toget fordi skulemusikken har for få musikantar.



Kristian Bringedal held tala for dagen (Foto: Ola Matti Mathisen)

Sjølv eldre folk kan ikkje hugsa at toget har vore utan musikk.

På den andre sida er det positivt at musikklaget vil delta så aktivt i feiringa og spelar både ved bautasteinen og på stemneplassen.
Det er mange år sidan det spela 17. mai.



Skulen og barnehagen er godt rusta. Her er treninga på grusbana i gang i føremiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det heile startar med salutt oppe i dalen og vi tippar at det er ein lokal sprengningsekspert med tilgang til dynamitt som utløyser smellane klokka 7.
11.15 er det gudsteneste ved ein 'ny' prest - Kristian Due - og Røysterett for alle syng slik dei plar gjera.
12.15 kjem den tradisjonelle kransenedlegginga ved bautasteinen og også i år er det 5. klasse som les diktet til Olaf Agnar Gausvik og musikklaget spelar før fedrelandssalma blir sunge.

Folketoget går 12.30 direkte frå bautasteinen og dette året legg det turen ovrr elva og fram til Feet der det snur.

Sjølv om det ikkje blir musikk blir det slett ikkje eit taust tog. Etter det ein kunne høyre under generalprøva på grusbana i føremiddag er det innøvd mange fengjande rop i barnehagen og på skulen og det skulle og vera songar nok å ta av.
Toget endar på skuleplassen der dei tradisjonelle leikane og tevlingane blir avvikla og det er sal av mat og drikke.


Tog nummer 2 som kallasst samlingstoget går frå skuleplassen klokka 15 og målet er Stemneplassen der festprogrammet blir avvikla. Her deltek både skulemusikken, musikklaget og Røysterett for alle og det er Kristian Bringedal som held tala for dagen dette året.

Minneorda er det Bjørn Olav Tveit som skal seia. Arrangementet sluttar med at toget går attende til bautasteinen.

På kveldsprogrammet står berre ein post - festen i Bedehuset klokka 19.30. Men Systrene Nilsen satsar også på 17. mai - dei har to bordsettingar med koldtbord om ettermiddagen

Tekst og foto Ola Matti Mathisen

PROGRAM FOR 17. MAI 2011 I USKEDALEN



07.00	SALUTT
11.15	GUDSTENESTE I KYRKJA - Sokneprest Kristian Due. - Røysterett for alle
12.15	KRANSENEDLEGGING VED BAUTASTEINEN (Flaggborg ferdig oppstilt kl. 1200) - Kransenedlegging ved 5. klasse - 5. klasse les dikt - Uskedalen Musikklag - Gud signe vårt dyre fedreland (vers 1. og 7.)
12.30	FOLKETOGEN FRÅ BAUTASTEINEN OM FEET TIL SKULEPLASSEN.
13.15	LEIKAR / KONKURRANSER - For born og vaksne ved skulen - Sal av mat og drikke
15.00	SAMLINGSTOG TIL STEMNEPLASSEN - Flaggborg stiller opp kl. 1450
15.30	FESTPROGRAM PÅ STEMNEPLASSEN - Minneord ved Bjørn Olav Tveit - Røyste rett for alle - Nasjonalsongen - Uskedalen Skulemusikk og Musikklag - Tale for dagen ved Kristian Bringedal - Uskedals - songen - Trekning av vinst (nr. på programheftet) - Gud signe vårt dyre fedreland - Tog med flaggborg går til Bautasteinen
19.30	FEST I BEDEHUSSET

